



Vinje kommune
Organisasjon, arkiv og IKT

3890 Vinje
Tlf. 35 06 23 00
Fax 35 06 23 01
E-post:
postmottak@vinje.kommune.no
Bankgiro: 2717.07.00037

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep

330.00

0030 OSLO

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
TEN	05/94	228/05		07.01.2005

2004/04169
- 197

Høyingsuttale om ny barnehagelov

Vinje kommune ser at nytt lovframlegg har i seg ein del klart positive ting.

- 1) Vidareføring av formalisert samarbeid med foreldre er positivt. Dette er ein føresetnad for å ha ein god barnehage.
- 2) Barn skal ha rett til å medverke i eigen kvardag i barnehagen. Vinje kommune ser dette som positivt.
Barn må ha rett til å meine og formidle kva dei ynskjer i høve sin eigen kvardag i barnehagen.
Det er i tråd med våre lokale planar og intensjonar, og Vinje kommune vil tilrå at dette blir ståande i den nye lovframlegget.

Vinje kommune ser at nytt lovframlegg har i seg ei forringing av kvaliteten i barnehagen:

Det ligg framlegg om å redusere krav til pedagogisk bemanning og norm for førskulelærardekning.

Lokalt har Vinje kommune vedtatt å styrke kvaliteten med å auke talet på pedagogar i barnehagane.

Med bakgrunn i desse vurderingane tar vi sterk avstand frå desse framlegga.

Med bakgrunn i det som er nemnt ovanfor vil Vinje kommune fremje fylgjande ordlyd i § 18 og 19:

”§ 18. Leiing:

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse.

Barnehagen skal ha en daglig leder som har utdanning som førskulelærer.

Når barnehage og grunnskole er organisert som en mindre virksomhet, kan skolens rektor være daglig leder for barnehagen.

Kommunen kan i særlige tilfeller gi midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet etter andre ledd.”

”§ 19. Barnehagens øvrige personale:

Bemanninga skal bestå av førskolelærere og annet egnet personale.

Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.

Kommunen kan gi midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet i første ledd.

Departementet gir utfyllende forskrifter om pedagogisk bemanning.”

Forskriftene tar utgangspunkt i en grunnbemanning på en førskolelærer pr. 10-14 (5-7) barn som er til stede samtidig.

Norm for leike- og opphaldsareal:

I nytt lovframlegg er det ikkje definert at vedtekter skal omhandle norm for leike- og opphaldsareal.


Dette ser Vinje kommune som eit anna hovudangrep på kvaliteten i barnehagen.

Dårleg kommuneøkonomi vil gje grunnlag for at det kan skje ein kvalitetsreduksjon på dette området.

Vinje kommune vil difor tilrå at arealnормer som er nedfelt i dagens barnehagelov vert vidareført.

Med helsing

Hans Kristian Lehmann /s/
rådmann


Torbjørn Enerstad
skulefagleg rådgjevar